

Retningslinjer for gjennomføring av disputas

vedtatt av Sentralt ph.d.-utval 16.2.2023

Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet gjev i § 5-17 reglar for offentleg forsvar av avhandlinga (disputas). Retningslinjer i dette dokumentet er utfyllande til § 5-17 i forskrifta og prosedyrar for disputas vedteke av Sentralt ph.d.-utval.

1. Disputas som fysisk arrangement

- a) Disputas skal som hovudregel vera eit fysisk arrangement der doktoranden, disputasleiaren og komiteén er fysisk til stades.
- b) Det er ope for at ein, eller begge, opponentane kan vera med digitalt. Om komiteen ønsker at ein, eller begge, opponentane skal vera med digitalt, må dette meldast til den/dei som administrerer disputasen saman med forslag til tentativ disputasdato.
- c) Disputasar kan unntaksvis gjennomførast som heildigitale arrangement. Dekan ved ph.d.-programmet sitt vertsfakultet avgjer om ein disputas skal gjennomførast heildigitalt. Avgjerda må skje i samråd med doktoranden og komiteen.

2. Campus

Disputas skal normalt haldast i HVL sine lokale på den campusen som ph.d.-kandidaten høyrer til.

3. Strøyming

Alle disputasar skal strøymast og lenke til strøyming bør vera offentleg tilgjengeleg. Personar som vil kommentera ex auditorio må møta opp i disputaslokalet.